




Samferdselsdepartementet  
Thorunn K. Bakke  
Postboks 8010 Dep  
0030 Oslo



Dykkar ref.: 05/1563-  
TKB

Vår ref.: 2007/521 - 7  
MAB HIOG 528.0

Dato: 13. juli 2007

## ■ Framlegg - forslag om endringar i ekomforskrifta, ekomlova mv. - Føresegn om fellesfakturerte tenester over elektroniske kommunikasjonsnett mv.

Konkurransetilsynet viser til framlegg frå Samferdselsdepartementet 21. mai 2007 og brev frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet 1. juni 2007 med forslag til endringar i lov 4. juli 2003 nr. 83 om elektronisk kommunikasjon (ekomlova) og forskrift 16. februar 2004 nr. 401 (ekomforskrifta).

Konkurransetilsynet ynskjer å knytte merknader til nokre av forslaga til endringar i ekomlova og ekomforskrifta.

### **Fellesfakturerte tenester**

Det vert foreslått å erstatte teletorgforskrifta med eit teknologinøytralt regelverk om fellesfakturerte tenester. Forslaget skal plasserast som eit nytt kapittel 5a i ekomforskrifta. Konkurransetilsynet er positiv til forslaget om at den nye reguleringa skal omfatte alle former for fellesfakturerte tenester, slik at innhaldstenester som vert fakturert saman med bruk av mobiltelefon eller bruk eller tilgang til Internett òg skal vere omfatta.

I forslaget til ny § 5a-3 går det fram at tilbydar av ekomteneste utan krav om vederlag skal gjere det mogleg for sluttbrukar å sperre for all tilgang til fellesfakturert teneste eller for tilgang til eit predefinert utval nummer. I merknadane til paragrafen er det uttrykt at det kan identifiserast grupper av predefinerte nummer. Gruppene kan delast inn etter nummer sett av til bestemte kategoriar tenester, eller dersom bransjen legg til rette for det, etter prisnivå.


Tilbydarar av ekomtenester kan òg sjølve levere ulike innhaldstenester. Konkurransetilsynet ynskjer i denne samanheng å peike på at dersom det er opp til tilbydarane av ekomteneste å avgjere korleis gruppene skal delast inn, vil det vere mogleg for tenestetilbydarane å leggje marknadsmessige omsyn til grunn når gruppene vert definert. Vidare kan tilbydarar av innhaldsteneste risikere på urett grunnlag å hamne i ei gruppe det ofte vert sperra mot. At inndeling i grupper vert overlata til tilbydarane, kan difor få uheldige konkurransevridande effektar.

### **Internasjonal roaming**

Konkurransetilsynet stiller seg positiv til forslaget om ny § 4-13 i ekomlova med heimel til å regulere vilkår for internasjonal roaming i forskrift.



Med helsing

  
Jens Olav Aksdal (e.f.)  
*fung. seksjonsleiar*

  
Hilde Ognedal  
*seniorrådgjevar*

Mottakar:  
Samferdselsdepartementet    Postboks 8010 Dep    0030    Oslo

Kopi:  
Fornyings- og administrasjons-  
departementet    Postboks 8004 Dep    0030    Oslo